



# St.prp. nr. 15

(2007–2008)

## Om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Nærings- og handelsdepartementet

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 16. november 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2007 i samsvar med pkt. 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### **Kap. 900 Nærings- og handelsdepartementet**

##### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Posten dekker bidrag og utgifter ved deltaking i fleire internasjonale organisasjonar og komitéar. Løyvinga på 23,05 mill. kroner vart fastsett på grunnlag av innbetalte kontingentar i 2006 og tilgjengeleg informasjon om forventa bidrag for 2007. Det viser seg at kontingentane for deltaking i fleire av organisasjonane, mellom anna IMO (Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen), EMSA (Det europeiske sjøsikkerheitsorganet) og Paris MoU (Internasjonal avtale om hamnestatskontroll) blir om lag 2,5 mill. kroner lågare enn berekna i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 23,05 til 20,55 mill. kroner.

#### **Kap. 909 Tiltak for sysselsetting av sjøfolk**

##### *Post 73 Tilskot til sysselsetting av sjøfolk, overslagsløyving*

Ordninga omfattar:

- tilskot til refusjon for farty i NOR og NIS (9,3 eller 12 pst.)
- nettolønstilskot til bemanninga omfatta av alarminstruksen på passasjerferjer i utanriksfart i NOR
- nettolønstilskot til offshorefarty i NOR og andre farty i NOR, og
- nettolønstilskot til tryggleiksbemanninga på hurtigruteskipa som betener strekninga Bergen-Kirkenes.

Ordinær løyving gjennom St.prp. nr. 1 (2006-2007) var 1 330 mill. kroner. På grunnlag av berekningar og prognose etter utbetalingane for 6. termin 2006 (for november og desember) og 1. termin 2007 (for januar og februar) vart løyvinga auka med 150 mill. kroner, til 1 480 mill. kroner, i revidert statsbudsjett 2007 i vår, jf. St.prp. nr. 69 og Innst. S. nr. 230 (2006-2007).

I St.prp. nr. 1 (2006-2007) er det budsjettet med 30 mill. kroner til nettoløn for tryggleiksbemanninga på hurtigruteskipa som betener strekninga Bergen-Kirkenes for perioden juli-oktober 2007. Det er sannsynleg at utbetalinga til hurtigrutene må utsettast og forskyvast til 2008. Årsaka til dette er at forhandlingane mellom Samferdsels-

departementet og Hurtigruten ASA om ei avtale knytt til kjøp av transporttenester ikkje kan sluttførast tidnok til at ESA-godkjenning av tilskotsordninga for hurigrutene kan bli gitt innan utgangen av 2007.

Hittil i år er det utbetalt om lag 1 056 mill. kroner for fire terminar: 6.termin 2006 for november-desember medrekna etterslep og etterbetalingar frå 2006, 1. termin 2007 for januar-februar, 2. termin 2007 for mars-april og 3.termin 2007 for mai-juni. Vi legg til grunn at utbetalinga for 4. og 5. termin 2007 (for juli-oktober) vil bli om lag 265 mill. kroner pr. termin. Dette gir grunnlag for å justere opp anslaget for dei samla utbetalingane i 2007 med ytterlegare om lag 100 mill. kroner, til 1 580 mill. kroner.

Tilskotsordninga er regelstyrt og særleg talet på sjøfolk som er omfatta av ordningane, er avgjerande for storleiken på refusjonsutbetalingane. Auken i tilskotsutbetalingane i høve til berekningane i saldert budsjett skuldast i hovudsak at fleire sjøfolk blir omfatta av nettolønsordninga til offshorefarty i NOR, og auka lønsutbetalingar.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å auke løyvinga med 100 mill. kroner, frå 1 480 til 1 580 mill. kroner.

### **Kap. 922 Romverksemd**

#### *Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)*

Det er lagt til grunn at løyvingane til kontingent i den europeiske romorganisasjonen ESA skal justerast dersom valutakursen på euro har endra seg i budsjettåret i høve til kursen som vart lagt til grunn for saldert budsjett. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til ESA til andre kursar enn den budsjetterte. Samla utgjær valutakursjusteringane ei innsparing på om lag 0,1 mill. kroner.

Samstundes har det vore justering i kontingentoppkallinga frå ESA i budsjettåret. Dei samla kontingentforpliktingane i perioden er uendra, men den årlege utbetalingstakta er justert. Totalt auka innbetaling i høve til budsjett for 2007 utgjær 2,7 mill. kroner.

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner, frå 105,4 til 108 mill. kroner.

#### *Post 71 Internasjonal romverksemd*

Det er lagt til grunn at løyvingane til internasjonal romverksemd skal justerast dersom valutakursane på euro og amerikanske dollar har endra seg i budsjettåret i høve til kursane som vart lagt til grunn for saldert budsjett. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til den europeiske romorganisa-

sjonen ESA og to utbetalingar i amerikanske dollar til Radarsat International Inc til andre kursar enn dei budsjetterte. Samla utgjær valutakursjusteringane ei innsparing på om lag 0,1 mill. kroner.

Samstundes har det vore endring i oppkallinga av programmidlar frå ESA i 2007 på grunn av endra framdrift i gjennomføringa av programma. Dei samla forpliktingane for deltaking i programma i perioden er uendra, men det blir justering i dei årlege utbetalingane av tilskot til ESA. Totalt gjær endra framdrift i gjennomføring av programma at utbetalingane til ESA i 2007 blir 32,5 mill. kroner lågare enn berekna i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å redusere løyvinga med 32,6 mill. kroner, frå 294 til 261,4 mill. kroner.

### **Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap**

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

På statsbudsjettet for 2007 er det løyvd 11,5 mill. kroner til å dekke transaksjonskostnader og fagleg bistand i samband med aksjesal i selskap under Nærings- og handelsdepartementet si forvaltning. Posten skal òg dekke konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Det er overført 0,69 mill. kroner frå 2006, og det er vidare knytt ei overskridingsfullmakt til posten.

Dei samla utgiftene for 2007 ventast å bli om lag 23 mill. kroner. Mellom anna er det utbetalt om lag 9 mill. kroner i honorar til juridiske og finansielle rådgjevarar i samband med samanslåing av petroleumsvirksemda til Norsk Hydro ASA med Statoil ASA. Løyvinga er elles nytta til å dekke avgift på 2,8 mill. kroner for deponering av aksjar i børsnoterte selskap i Verdipapirsentralen, og til fagleg bistand i samband med eigarmessige vurderingar.

Når ein tek omsyn til overførte midlar frå 2006, trengst det ei løyving på 22,3 mill. kroner for 2007.

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å auke løyvinga under posten med 10,8 mill. kroner, frå 11,5 til 22,3 mill. kroner.

### **Kap. 960 (nytt) Raufoss ASA**

#### *Post 71 Refusjon for miljøtiltak*

Ved handsaminga av St.prp. nr. 69 (2006-2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2007, samtykte Stortinget i at ramma for å utgiftsføre betalingar knytt til pålagte miljøtiltak etter verksemda til Raufoss ASA utan løyving på førehand, vart auka frå 50 til 90 mill. kroner.

Saneringsarbeidet med fjerning av oljeforureining i service- og avtrekkskanalar i Fjellanlegget er

slutført. Vidare arbeid inkluderer verifikasjonsmålinger og sluttrapportering. I brev av 20. desember 2006 frå Statens forureiningstilsyn (SFT) er Raufoss Næringspark ANS pålagt å utarbeide tiltaksplanar for lokalitetar som ikkje alt er omfatta av tidlegare tiltaksplanar. I tråd med dette pålegget er det i 2007 gjennomført ei rekkje grunnundersøkingar og utarbeidd tiltaksplanar for det vidare arbeidet. Det er òg utarbeidd nye miljømål og akseptkriteriar for oppryddingsarbeidet. Oppryddingsprosjektet er no i gang med å gjennomføre tiltaksplanane. Oppryddingsarbeidet på Raufoss Industriområde er venta slutført rundt årsskiftet 2008/2009.

Ved utgangen av 2007 vil om lag 61 mill. kroner av garantiramma på 90 mill. kroner vere disponert til konkrete oppryddingsprosjekt. Det er utbetalt tilsaman om lag 25,5 mill. kroner i refusjon for utførte miljøtiltak i 2005 og 2006. I 2007 har departementet ved utgangen av oktober utbetalt om lag 14,5 mill. kroner for kostnader knytt til pålagte, utførte miljøtiltak. Etter planen vil det bli aktuelt med ytterlegare utbetalningar i 2007.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å løyve 20 mill. kroner på statsbudsjettet for 2007.

### **Kap. 2421 Innovasjon Norge**

#### *Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving*

Innovasjon Norge kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. I tillegg betaler Innovasjon Norge ein låneprovisjon. Innovasjon Norge refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid på frå to månader til fleire år avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag bruttoførast ved at beløpa utgifts- og inntektsførast (akkumulert) kvar gong Innovasjon Norge tar opp eller tilbakebetaler eit lån i statskassa. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2007 er basert på realiserte innlån og avdrag, og prognosar frå Innovasjon Norge på innlån og avdrag, for resten av året.

Innlån og avdrag har auka i 2007 fordi Innovasjon Norge nyttar meir kortsiktige lån (hyppigare refinansiering) enn det som låg til grunn ved salderinga av budsjettet. Dette inneber òg at avdraga aukar om lag tilsvarende, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å auke løyvinga med 5,4 mrd. kroner, frå 33,2 til 38,6 mrd. kroner.

### **Kap. 2426 SIVA SF**

#### *Post 90 Lån, overslagsløyving*

SIVA SF kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Selskapet betaler i tillegg ein låne- og garantiprovisjon. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5326. SIVA SF har ei innlånsramme på 700 mill. kroner, og har innanfor denne ramma tatt opp nytt lån og refinansiert fleire lån enn det som vart lagt til grunn i St.prp. 1 (2006-2007).

Nærings- og handelsdepartementet legg derfor fram forslag om å auke løyvinga med 60 mill. kroner, frå 300 til 360 mill. kroner.

### **Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap**

#### *Post 96 Sal av aksjar*

Ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 69 (2006-2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007, vart løyvinga auka med 3 251 mill. kroner, til 3 261 mill. kroner, som følgje av forventta innbetaling frå tilbakekjøp av eigne aksjar i DnB NOR ASA, Norsk Hydro ASA og Yara International ASA. Dei faktiske innbetalingane vart 18,1 mill. kroner høgara.

På denne bakgrunnen legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å auke inntektsløyvinga med 18,1 mill. kroner, frå 3 261 til 3 279,1 mill. kroner.

### **Kap. 5325 Innovasjon Norge**

#### *Post 90 Avdrag på utestående fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån til Innovasjon Norge frå statskassa. Det visest til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av hyppigare refinansiering av lån enn forventta er det behov for å auke løyvinga. I tillegg har Innovasjon Norge redusert dei totale innlåna sine i statskassa i løpet av året slik at avdraga aukar meir enn innlåna under kap. 2421, post 90.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å auke løyvinga med 5,6 mrd. kroner, frå 33,4 til 39 mrd. kroner.

### **Kap. 5326 SIVA SF**

#### *Post 70 Låne- og garantiprovisjonar*

Posten må endrast som følgje av ny låneavtale av 19. april 2007 mellom Nærings- og handelsdepartementet og SIVA SF. Endringa inneber at både låne-

provisjon og garantiprovisjon innbetalast etter-skotsvis, dvs. at garantiprovisjon som før vart innbetalt i desember same år, no skal innbetalast i februar året etter.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om at løyvinga blir redusert med 4,2 mill. kroner, frå 7 til 2,8 mill. kroner.

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån til SIVA SF frå statskassa. Det visest til omtale under kap. 2426, post 90 ovanfor. I høve til vedtatt budsjett for 2007 har SIVA SF tatt opp ytterlegare lån på 180 mill. kroner, med forfall hausten 2007.

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å auke løyvinga med 180 mill. kroner, frå 300 til 480 mill. kroner.

### **Kap. 5612 (nytt) Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S**

#### *Post 80 Renter*

Ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 69 (2006-2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2007, vart Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S gitt eit ansvarleg lån på 250 mill. kroner til ei rente på 9 pst. p.a. Lånet skal tilbakebetalast når forsikringssaka etter brannen i Svea Nord-gruva i 2005 er endeleg avgjort. I desember 2007 skal selskapet betale 11,46 mill. kroner i renter på lånet.

På dette grunnlaget gjer departementet forslag om å inntektsløyve 11,46 mill. kroner under nytt kap. 5612, post 80 på statsbudsjettet for 2007.

### **Kap. 5613 Renter frå SIVA SF**

#### *Post 80 Renter*

SIVA SF kan ta opp innlån til låneordninga til valfri løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Det visest til omtale av opplegget for innlån under kap. 2426, post 90 ovanfor. Som følgje av faktiske renteinntektsløyvinga er det grunnlag for å justere renteinntektsløyvinga. Dei faktiske rentene blir høgare enn det som låg til grunn for løyvinga.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om at renteinntektene blir auka med 14,7 mill. kroner, frå 39,7 til 54,4 mill. kroner.

### **Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Norge**

#### *Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Norge kan ta opp innlån til sine låneordningar til valfri løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Det visest til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av faktiske renteinntektsløyvinga og prognosar for resten av året, er det grunnlag for å justere renteinntektsløyvinga noko ned på grunn av lågare innlånsvolum.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om at løyvinga for renteinntektene blir redusert med 41 mill. kroner, frå 417 til 376 mill. kroner.

### **Kap. 5656 Aksjar i selskap under NHD si forvaltning**

#### *Post 85 Utbyte*

Utbytet vil auke med vel 7 mill. kroner, hovudsakeleg på grunn av at det vart innbetalt utbyte frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S.

På denne bakgrunnen legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om å auke utbyteløyvinga med 7,4 mill. kroner, frå 13 619,6 til 13 627 mill. kroner.

#### *Orienteringssak*

##### *Galileo – Dekking av kostnader til utviklingsfasen*

Målsettinga for satelittnavigasjonssystemet Galileo er at det, saman med det amerikanske Global Positioning System (GPS), skal bli Europas og Noregs primære system for posisjonsbestemming, tidfesting og navigasjon.

Departementet viser til St.prp. nr. 65 (2004-2005) der det vart gjort forslag om å halde tilbake 6 mill. kroner under kap. 922 Romverksemd, post 72 Nasjonale følgjemiddel, *kan overførast* og 20 mill. kroner under kap. 2421 Innovasjon Norge, post 72 Forsknings- og utviklingskontrakter, *kan overførast*, til seinare dekking av kostnader knytt til norsk deltaking på EU-sida i satelittnavigasjonssystemet Galileo. I tillegg vart det sett av 25 mill. kroner pr. år i statsbudsjettet for 2006 og 2007 til prosjektet på dei same postane. For perioden 2005-2007 er det etter dette sett av til saman 76 mill. kroner til utviklingsfasen av Galileo. Forhandlingane med EU om ei samarbeidsavtale om Galileo er ikkje sluttført. Dei avsette midlane er derfor ikkje utbetalt. Inntil ei avtale med EU ligg føre blir dei avsette midlane under kap. 922, post 72 (16 mill. kroner) og kap. 2421, post 72 (60 mill. kroner) halde tilbake. Norsk industri har allereie fått indu-

striretur tilsvarande dei norske forplikingane. Framdrifta i Galileo-programmet er også omtala i statsbudsjettet for 2008 under kap. 922, post 72.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Nærings- og handelsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Nærings- og handelsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Nærings- og handelsdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og handelsdepartementet	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med ..... frå kr 23 050 000 til kr 20 550 000	2 500 000
909		Tiltak for sysselsetting av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetting av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 480 000 til kr 1 580 000	100 000 000
922		Romverksemd	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir auka med ..... frå kr 105 400 000 til kr 108 000 000	2 600 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med ..... frå kr 294 000 000 til kr 261 400 000	32 600 000
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 11 500 000 til kr 22 300 000	10 800 000
960	(nytt)	Raufoss ASA	
	71	Refusjon for miljøtiltak, blir løyvd med .....	20 000 000
2421		Innovasjon Norge	
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 33 200 000 000 til kr 38 600 000 000	5 400 000 000
2426		SIVA SF	
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 300 000 000 til kr 360 000 000	60 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	96	Sal av aksjar, blir auka med ..... frå kr 3 261 000 000 til kr 3 279 100 000	18 100 000
5325		Innovasjon Norge	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 33 400 000 000 til kr 39 000 000 000	5 600 000 000
5326		SIVA SF	
	70	Låne- og garantiprovisjonar, blir redusert med ..... frå kr 7 000 000 til kr 2 800 000	4 200 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 300 000 000 til kr 480 000 000	180 000 000
5612	(nytt)	Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S	
	80	Renter, blir løyvd med .....	11 460 000
5613		Renter frå SIVA SF	
	80	Renter, blir auka med ..... frå 39 700 000 til kr 54 400 000	14 700 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Norge	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med ..... frå kr 417 000 000 til kr 376 000 000	41 000 000
5656		Aksjar i selskap under NHD si forvaltning	
	85	Utbyte, blir auka med ..... frå kr 13 619 600 000 til kr 13 627 000 000	7 400 000

